

# Opplegg til Pønkarar med vektal

## Mål med opplegget

### Å vekkje elevane sin interesse for sakprosa:

- ✓gjennom at elevane utforskar tekstane
- ✓gjennom at elevane set ord på si personlege leseoppleving
- ✓gjennom at elevane diskuterer tema som blir teken opp i teksten
- ✓gjennom at elevane brukar sakprosa-tekstar som inspirasjon og modell for eigne tekstar
- ✓gjennom at elevane reflekterer kritisk over tekstane si påverkjingskraft og truverd

## Før lesing

- Sjå på overskrifta, bilete, ingress og underoverskrifter. Kva slags inntrykk får du av teksten? Kva for ein sjanger er teksten?
- Har dokker høyrte om Daufødt? I tilfelle kva? Om ikkje, kva er inntrykket ditt av bandet berre ved å høyre namnet?
- Finn *Ingenmannsland* av Daufødt og songteksten. Høyr på songen medan du les teksten. Likar du den eller ikkje? Kvifor?
- Har du eit annleis inntrykk av teksten etter å ha høyrte songen eller ikkje?

## Undervegs

- Set strek under eller noter bandnamn, musikksgjangerar, festivalar, musikkprisar og album. I tillegg til påstandar frå bandet du er einig eller ueinig i.

## Etter lesing

### Klassediskusjon

- Kva meiner du om denne artikkelen? Var den interessant eller ikkje? Kvifor?
- Pønk er ein politisk sjanger, og fleire av songtekstane til Daufødt er politiske. Veit du om fleire musikksgjangerar som ofte har politiske tekstar?
- Kva meiner du om politisk musikk? Kan musikk og anna kunst ha ei innverking på samfunnet? Forklar.
- Daufødt er frå Sørlandet, som ofte blir kalla «bibelbeltet». Kvifor? Kan det ha noko med dei religionskritiske tekstane til Daufødt å gjere?
- Kvifor trur du Annika blei provosert av at Flekkerøya samla inn 3 millionar til ei ny kyrkje? Er ikkje det berre fint?

- I Noreg har vi ytringsfridom og religionsfridom. Kan desse verdiane kome i konflikt med kvarandre? Korleis?

## **Vidare**

- Gjennomfør eit rollespel med klassepartnaren din, kor ein er intervjuar og den andre ein kjent musikar.
- Finn informasjon om pønkrørsla og lag ein presentasjon. Pønkarane er kjende for kleda sine, så om du vil kan du lage eit moodboard.
- Skriv ein debattartikkel kor du diskuterer korleis ytringsfridom og religionsfridom kan kome i konflikt med kvarandre. Bruk nettkjelder for å finne argument. Vær kjeldekritisk.